



**Kviteseid
Arbeidarparti**

VALPROGRAM 2023–2027

Saman om Kviteseid

**ARBEID – BUSTAD – TENESTER –
MØTEPLASSAR – BEREKRAFT**

Valprogram 2023 – 2027

Kviteseid Arbeidarparti vil prioritere **arbeid, bustad, tenester** og **møteplassar** for at Kviteseid kommune skal vere et godt sted å vekse opp, bu og leve.

For at alt me gjer i dag skal gi positiv utvikling på lang sikt må me føre ein politikk som vektlegg **berekraft**. Dette vil seie å ta omsyn til *klimate og miljø*, ei sunn *økonomi* og gode *sosiale forhold*.

Arbeid

Arbeid kan vere avgjerande både for val av bustad, og for å bli buande i kommunen. Me ynskjer langsiktig og føreseieleg arbeid til alle, både i kommunal og privat sektor.

For at flest mogleg skal få ta del i organisert arbeid vil Kviteseid Arbeidarparti:

- prioritere tettare dialog med næringslivet
- vidareutvikle Vrådal og Morgedal som heilårs reiselivsdestinasjonar
- støtte opp om næring knytt til næringshagen i Kviteseid
- realisere planane for industriområdet på Brunkeberg
- vurdere ulike tiltak for å hjelpe verksemder som blir hardt ramma ved innføring av eigedomsskatt
- leggje til rette for arbeidstakarar i ulike livssituasjonar
- syte for at fleire i kommunen får tilbod om 100 % stilling
- tilby kommunale lærlingplassar
- styrke samarbeidet med tillitsvalde for eit godt arbeidsmiljø i kommunen

Bustad

Bustad er viktig for innbyggjarar og dei som kjem til Kviteseid. Det er vanskeleg å finne bustader, samtidig som mange bustadar står tomme store deler av året.

For å sikre tilgjengeleg bustad til dei som bur eller ynskjer å busette seg i kommunen, vil Kviteseid Arbeidarparti:

- arbeide for at tomme bustadar kjem på marknaden
- oppretthalde buplikta i kommunen
- avgrense fritidsbustadar i attraktive bustadområde
- at kommunen investerer i planlagde byggeprosjekt i Kviteseidbyen
- rekommunalisere vegane som blei privatiserte i kommunestyret 25. mai 2023
- leggje til rette for bustadbygging i heile kommunen

Tenester

Tenester er dei tilboda og tenestene me treng i det daglege. Me ynskjer at tenestene skal vere nær folk og av god kvalitet. I barnehage og skule legg me grunnlaget for barnas utvikling. «Varme hender» skal ikkje effektiviserast vekk i helse og oppvekst. Teknologi er ein eventuell bonus.

For å sikre gode tenester nær oss som bur i kommunen vil Kviteseid Arbeidarparti:

- vidareutvikle Kviteseidbyen som administrasjons- og handelssenter
- tilby tilstrekkeleg avlastningsplassar, omsorgsbustadar og heildøgns pleieplassar i kommunen
- vurdere ei samlokalisering av helsetenestene for å få betre fleksibilitet og å styrke fagmiljøet
- styrke det gode pedagogiske arbeidet som blir gjort i barnehage, skule og SFO
- sikre eit godt barnehagetilbod i heile kommunen
- styrke regionsamarbeidet for felles satsingsområde
- ivareta tenester og tilbod i kommunen, som legesenter, tannlege, domstol og apotek

Møteplassar

Møteplassar er både store og små, offentleg organiserte og private. Like fullt er dei viktige for trivsel og vår utvikling som menneske. Det frivilljuge arbeidet i heile kommunen er enormt. Me ynskjer å støtte opp om dei møteplassane som finst, og vil leggje til rette for nye aktivitetar og møteplassar etter initiativ frå eldsjeler.

For å skape gode møteplassar vil Kviteseid Arbeidarparti:

- utbetre friområde og grøntområde
- prioritere kommunale kulturmidlar til aktivitetar for ungdom
- vidareutvikle kulturskulen til å femne om fleire interesseområde
- støtte opp om Frivilligsentralen si satsing
- vidareføre og utvikle dei gode ordningane i og rundt Kviteseidhallen
- støtte tilbod og aktivitetar for folk i alle aldrar
- støtte opp om idrettslaga og dei mange ideelle organisasjonane i kommunen.

Berekraft

Berekraft er omsynet til framtida og handlar om å prioritere samspelet mellom **klima og miljø, økonomi og sosiale forhold**. For å sikre *arbeid, bustad, tenester og møteplassar* på lang sikt må me tenkje berekraft.

innan klima og miljø vil Kviteseid Arbeidarparti:

- forbetre gjenbruk, ombruk og kjeldesortering
- avgrense nedbygginga av dyrkbar mark
- auke klima- og miljøkompetansen i kommunen
- fylgje opp ny klima- og miljøplan for Vest-Telemark
- legge til rette for klimanøytralt drivstoff

innan økonomi vil Kviteseid Arbeidarparti:

- gjennomføre tiltak for å redusere behov for oppvarming av kommunale bygg
- produsere eigen energi
- vektlegge berekraft i kommunale innkjøp mellom anna ved å handle lokalt der det er mogleg
- styrke regionsamarbeidet for felles satsingsområde

innan sosiale forhold vil Kviteseid Arbeidarparti:

- gi auka merksemd på psykisk helse
- tilrettelegging for rusførebyggjande tiltak
- sikre økonomiske rammer for SLT-koordinator og miljøarbeidar

Kandidatane våre



SOLVEIG
Nekstad Grave



BJØRN HÅVARD
Olsen



TONE
M. Heggveit



HELENE
Stensrud



SILJE
Aakre



EINAR
Søreide



BJØRG
Nekstad



JAN RUNE
Grave



INGER
Auestad



ERIK
Strand



ASTRID
Pettersen



SVEIN
Henriksen



MAGNY
Lundeberg



THOMAS
Aasland